

# MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: [bj-skin@online.no](mailto:bj-skin@online.no)  
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.moo.no>

## Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Region Vest

Postboks 53

6801 FØRDE

Dykkar ref.: Ivar Sægrov  
Vår ref.: BJS

Dato. 20.04.2010

### Etterlyser svar på vårt brev av 05.08.09 - Salar Bruk AS – spørsmål om detaljplanar, oppdaterte byggeteikningar og reglement for luke.

Vi viser til vårt brev til NVE 05.08.09 der me stiller fleire spørsmål.  
Vi mottok kopi av brev frå NVE til Alsaker Fjordbruk AS datert 24.09.09.  
Sidan har vi ikkje motteke noko brev frå NVE i saka.

Det vi etterspør er:

1. Godkjende detaljplaner for byggetrinn 3-5 i tråd med gjeve løyve til regulering og uttak av vatn frå Rylandsvassdraget.
2. - om det er utarbeidd oppdaterte byggeteikningar som viser kvar i vatnet inntaksledninga ligg, slik NVE ber om i brev 24.04.07.
3. - ang. terskeldammen i enden av Rylandsvatnet vil vi gjerne vite om det er utarbeid eit reglement for betjening av luka slik NVE ber om i brev 24.04.07.

I høve spørsmål 1 ang. godkjende detaljplanar viser vi til løyve til regulering og uttak av vatn frå Rylandsvassdraget, der det i vilkår 3 står:

*"Konsesjonæren pliktar å leggje fram for NVE detaljerte planar med turvande opplysningar, utrekingar og ....., "(tekst fjernet av oss)*

I kommentarar til vilkåra punkt 4 står det:

*"Vilkåret vil mellom anna omfatte detaljplanar for bygging av ny demning.....,(tekst fjernet av oss) legging av ny inntaksledning for ferskvatn til anlegget, og bygging.....,(tekst fjernet av oss) Detaljplanar for ovannemnde skal leggast fram og godkjennast av NVE." (deler av tekst er understreket av oss)*

I høve spørsmål 2 ville det vere interessant å få framlagt resultat frå Alsaker Fjordbruk AS sine detaljerte målingar av ledninga hausten 2009.

Når det gjeld luka i demninga ved utløpet av Rylandsvatnet så har vi forstått det slik at NVE har bede om eit reglement for korleis denne skal nyttast. Dette går fram i NVE sitt brev til Salar Smolt AS 24.04.07. Der står og at eit slikt reglement skal integrerast i vassdragskonsesjonen. Vi har ikkje nokon innvendingar mot denne luka, og meiner ei slik luke kan koma til nytte ved ekstreme nedbørmengder. Vårt spørsmål 3 går på om det har kome på plass eit slikt reglement.

I NVE sitt brev til Alsaker Fjordbruk AS datert 24.09.09 kjem det fram at NVE etterlyser aktuell dokumentasjon som konsesjonæren måtte ha, då NVE er usikre på om dei sjølv har denne informasjonen.

Vi vil og, på bakgrunn av brev 24.09.09, stilla spørsmål med NVE si oppfatning av tilhøvet med regulering/senking av Rylandsvatnet lågare enn overløpet på terskel. At NVE har ei oppfatning av at dette ikkje har vore noko stor sak for konsesjonæren må koma av at konsesjonæren aldri har søkt NVE om dispensasjon til å regulera Rylandsvatnet lågare enn det løyvet bestemmer. Vi har imidlertid ved fleire høve og over lange periodar registrert vasstander inntil 35 cm under terskelnivå, noko som vi og ved fire høve har klaga skriftleg på til Alsaker Fjordbruk AS. Det er send kopi til NVE, så NVE skulle vere orientert. Fleire grunneigarar får problem med vasstander lågare enn 8.70 moh. Dessutan må dette vere brot på konsesjonen.

Vi ber NVE snarast svara.

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag

A handwritten signature in blue ink, consisting of stylized initials that appear to be 'BS'.

Bjarte J. Skintveit  
Leiar